



# Bacheloroppgave

**ADM650 Jus og administrasjon**

**Pasientar si rettssikkerheit i den nye  
pasientreiseforskrifta**

**Elise Remme Reitan**

**Totalt antall sider inkludert forsiden: 40**

**Molde, 19.06.2017**



**Høaskolen i Molde**

## Obligatorisk egenerklæring/gruppeerklæring

Den enkelte student er selv ansvarlig for å sette seg inn i hva som er lovlige hjelpemidler, retningslinjer for bruk av disse og regler om kildebruk. Erklæringen skal bevisstgjøre studentene på deres ansvar og hvilke konsekvenser fusk kan medføre. Manglende erklæring fritar ikke studentene fra sitt ansvar.

Du/dere fyller ut erklæringen ved å klikke i ruten til høyre for den enkelte del 1-6:		
1.	Jeg/vi erklærer herved at min/vår besvarelse er mitt/vårt eget arbeid, og at jeg/vi ikke har brukt andre kilder eller har mottatt annen hjelp enn det som er nevnt i besvarelsen.	<input checked="" type="checkbox"/>
2.	Jeg/vi erklærer videre at denne besvarelsen: <ul style="list-style-type: none"><li>• ikke har vært brukt til annen eksamen ved annen avdeling/universitet/høgskole innenlands eller utenlands.</li><li>• ikke refererer til andres arbeid uten at det er oppgitt.</li><li>• ikke refererer til eget tidligere arbeid uten at det er oppgitt.</li><li>• har alle referansene oppgitt i litteraturlisten.</li><li>• ikke er en kopi, duplikat eller avskrift av andres arbeid eller besvarelse.</li></ul>	<input checked="" type="checkbox"/>
3.	Jeg/vi er kjent med at brudd på ovennevnte er å <u>betrakte som fusk</u> og kan medføre annullering av eksamen og utestengelse fra universiteter og høgskoler i Norge, jf. <a href="#">Universitets- og høgskoleloven</a> §§4-7 og 4-8 og <a href="#">Forskrift om eksamen</a> §§14 og 15.	<input checked="" type="checkbox"/>
4.	Jeg/vi er kjent med at alle innleverte oppgaver kan bli plagiatkontrollert i Ephorus, se <a href="#">Retningslinjer for elektronisk innlevering og publisering av studiepoenggivende studentoppgaver</a>	<input checked="" type="checkbox"/>
5.	Jeg/vi er kjent med at høgskolen vil behandle alle saker hvor det forligger mistanke om fusk etter høgskolens <a href="#">retningslinjer for behandling av saker om fusk</a>	<input checked="" type="checkbox"/>
6.	Jeg/vi har satt oss inn i regler og retningslinjer i bruk av <a href="#">kilder og referanser på biblioteket sine nettsider</a>	<input checked="" type="checkbox"/>

# Publiseringsavtale

Studiepoeng: 15

Veileder: Linda Bøyum-Folkeseth

## Fullmakt til elektronisk publisering av oppgaven

Forfatter(ne) har opphavsrett til oppgaven. Det betyr blant annet enerett til å gjøre verket tilgjengelig for allmennheten (Åndsverkloven, §2).

Alle oppgaver som fyller kriteriene vil bli registrert og publisert i Brage HiM med forfatter(ne)s godkjenning.

Opgaver som er unntatt offentlighet eller båndlagt vil ikke bli publisert.

Jeg/vi gir herved Høgskolen i Molde en vederlagsfri rett til å gjøre oppgaven tilgjengelig for elektronisk publisering:

ja  nei

Er oppgaven båndlagt (konfidensiell)?

ja  nei

(Båndleggingsavtale må fylles ut)

- Hvis ja:

Kan oppgaven publiseres når båndleggingsperioden er over?

ja  nei

Er oppgaven unntatt offentlighet?

ja  nei

(inneholder taushetsbelagt informasjon. Jfr. Offl. §13/Fvl. §13)

Dato: 19.06.2017

## Samandrag

Pasientar sin rett til refusjon av reiseutgifter var fram til 30. september 2016 regulert i sjuketransportforskrifta. Etter dette blei regelverket erstatta med pasientreiseforskrifta, som skulle vere eit enklare regelverk med behov for mindre skjønnsutøving. Denne oppgåva er ei juridisk drøfting av dei endra rettane til pasientar i pasientreiseforskrifta. Dei ulike bestemmingane i forskriftene blir sett opp mot kvarandre for å sjå om rettssikkerheita til pasientane er like godt ivaretatt i den nye forskrifta. Problemstillinga mi er difor som følger; *er rettssikkerheita til pasientar like godt ivaretatt i pasientreiseforskrifta som i sjuketransportforskrifta?* Det er nytta vanleg juridisk metode for å løyse problemstillinga, der det er lagt særleg stor vekt på forarbeidet til pasientreiseforskrifta. Oppgåva finn at rettssikkerheita til pasientar er både betre og dårlegare i den nye forskrifta alt etter kva lovending ein ser på. Sett under eitt, frå eit generelt perspektiv, konkluderar oppgåva likevel med at rettssikkerheita er like godt, om ikkje betre ivaretatt i pasientreiseforskrifta.

## Innholdsliste

<b>1. Innleiing og problemstilling</b> .....	1
1.1 Innleiing og problemstilling.....	1
1.2 Omgrepet rettssikkerheit .....	2
<b>2. Metode og avgrensingar</b> .....	3
2.1 Metode og rettskjelder .....	3
2.2. Avgrensingar .....	4
<b>3. Dekning av reiseutgifter</b> .....	5
3.1 Reiser under 300 kilometer .....	8
3.1.1 Rutegående transportmiddel (buss) og standardsats .....	8
3.1.2 Rutegående transportmiddel (buss og ferje eller buss og passasjerbåt) og standardsats .....	8
3.1.3 Meir om passasjerbåt, hurtigrute og standardsats .....	10
3.2 Skilnad på 300 kilometer .....	12
3.2.1 Standardsats (under 300 km) og billegaste rutegående (over 300 km) .....	12
3.2.2 Spesielt om fly .....	13
<b>4. Andre betraktningar</b> .....	14
4.1 Unntak for korte reiser .....	14
4.2 Følgje .....	15
4.3 Honnør og liknande .....	16
4.4 Foreldre sin rett til dekning av reiseutgifter ved innlegging av barn .....	17
4.5 Kost .....	18
<b>5. Konklusjon</b> .....	20
<b>6. Kjelder</b> .....	22
Vedlegg 1    Sjuketransportforskrifta .....	24

# 1. Innleiing og problemstilling

## 1.1 Innleiing og problemstilling

I mine tre år som student ved høgskulen i Molde har eg samstundes jobba på pasientreisekontoret ved sjukehuset i Ålesund, mellom anna med brukarstøtte. Dei ulike pasientreisekontora i Noreg er ansvarleg for planlegging og bestilling av reiser, samt dei har ansvar for sakshandsaming og refusjon av reiseutgifter til pasientar (Pasientreiser). Då eg starta å arbeide der i 2015 forvalta vi rettane til pasientane ut ifrå sjuketransportforskrifta. Ordninga gjekk ut på at pasienten måtte framsette eit skriftleg krav, der det mellom anna måtte leggjast ved oppmøtestadfesting. Denne ordninga blei opplevd som tungvint, og regelverket blei kritisert for å vere vanskeleg å forstå. Med bakgrunn i dette var det ønskeleg å forenkle refusjonsordninga for å sikre ei enklare løysing for pasientane (Helse- og omsorgsdepartementet 2014). Sjuketransportforskrifta vart dermed oppheva og 1. oktober 2016 erstatta av den nye pasientreiseforskrifta. Etter at den nye forskrifta blei iverksett opplevde vi mykje større pågang på telefon, og mi personlege erfaring er at pasientar blei meir fortvila og forvirra av det nye regelverket. Det har ikkje gått eit heilt år enno sidan regelverket vert sett i verk. Det er difor ikkje lett å vite om pasientane reagerte som dei gjorde fordi det nye regelverket faktisk var vanskelegare å forstå, om det var fordi dei får mindre refusjon enn tidlegare, eller om det var fordi det generelt var noko nytt dei måtte forholde seg til.

Pasientreiseforskrifta er heimla i lov om pasient og brukarretter, der det står at lova skal sikre befolkninga lik tilgang på tenester av god kvalitet. Denne oppgåva vil vere ei juridisk drøfting av endringane i rettane til pasientane, som skjedde då sjuketransportforskrifta blei erstatta av pasientreiseforskrifta. Det vil i oppgåva bli nytta konkrete døme på reiser, som er med på å belyse kva dei ulike bestemmingane eigentleg betyr. Bestemmingane vil bli sett opp mot kvarandre for å sjå om rettssikkerheita til pasientane er like godt ivaretatt i pasientreiseforskrifta som i sjuketransportforskrifta.

Problemstillinga blir difor som følgjer;

Er rettssikkerheita til pasientar like godt ivaretatt i pasientreiseforskrifta som i sjuketransportforskrifta?

## 1.2 Omgrepet rettssikkerheit

Det er store variasjonar i kva som leggjast i omgrepet rettssikkerheit, og det er difor ikkje lett å gi ein presis definisjon av det. Likevel er ein einig i at det er eit positivt ladd omgrep, og det blir ofte nytta slik som andre honnørord som fridom, likskap og demokrati.

Kjelland, Kjørstad og Syse (2017) presenterar to hovudtydingar i kva som blir lagt i omgrepet. Den første er at rettssikkerheit blir nytta om krav til rettsrette avgjersler. Vedtak på velferdsrettfelt treffast av forvaltningsorgan, og det er då viktig at vedtaka blir rette. Det betyr at borgarane får dei ytingane dei har rett på, og ikkje blir utsatt for tvang utan at vilkår for det er oppfylt. Omgrepet rettssikkerheit blir òg nytta om krav til rettssystemet for å sikre borgarane visse grunnleggjande rettar. Slike krav kan ha ulike grunnlag, og kjem til uttrykk i til dømes føremålbestemmingane til velferdslovane. Føremålbestemmingane uttrykker grunnleggjande verdiar og prinsipp som lovane vert bygd på, og kan sjåast på som myndigheitene sine erklærte verdigrunnlag for velferdsstaten (Kjelland, Kjørstad og Syse 2017).

I denne oppgåva skal vi samanlikne pasientreiseforskrifta mot forgjengaren sjuketransportforskrifta, og sjå om den nye forskrifta sikrar større rettssikkerheit til pasientar. Vi tek utgangspunkt i at avgjerslene som blir tatt med grunnlag i forskrifta er rettsrette avgjersler i samsvar med lovgjevinga, og vi vil difor nytte den andre hovudtydinga av rettssikkerheit. Pasientreiseforskrifta er heimla i lov om pasient- og brukarrettar, og vi må difor sjå på føremålbestemmingane i denne lova for å sjå kva verdiar og prinsipp lova byggjer på. Det kjem fram i pbrl. §1-1 at lova sitt føremål er å sikre befolkninga lik tilgang på tenester av god kvalitet, og at bestemmingane i lova skal vere med på å fremme tillitsforholdet mellom pasient og brukar og helse- og omsorgstenesta, fremme sosial tryggleik og ivareta respekta for den enkelte pasient og brukar sitt liv, integritet og menneskeverd. Vidare står det i pbrl. § 2-6 at pasient og følgje har rett til dekning av naudsynte utgifter når pasienten må reise i forbinding med ei helseteneste (...). Oppgåva vil legge vekt på den første setninga i føremålsparagrafen; at lova skal sikre befolkninga lik tilgang på tenestar av god kvalitet. Vi vil til dømes sjå om pasientar kan forvente lik refusjon på relativt like reiser, om det er stor skilnad på refusjon alt etter som kva transportmiddel som er nytta, og om pasient og følgje faktisk får dekt naudsynte utgifter.

## 2. Metode og avgrensingar

### 2.1 Metode og rettskjelder

I denne oppgåva er det nytta vanleg juridisk metode. Det er nytta lovtekst frå relevant lovgjeving (pasient og brukarrettslova), dei to relevante forskriftene sjuketransportforskrifta og pasientreiseforskrifta og forarbeid til den nye pasientreiseforskrifta.

#### Lovtekst

Pasientars rett til dekning av utgifter er stadfesta i pasient og brukarrettslova § 2-6 (heretter pbrl). I kvart lovfesta område skal lovteksten vere utgangspunkt for tolkinga, og ordlyden skal tolkast frå ei naturleg språkforståing. Velferdsretten har mange døme der lovgjevar har nytta rettslege standardar eller andre skjønsmessige formuleringar, og ordlyden må då presiserast i til dømes forarbeid eller forskrifter (Kjelland, Kjønstad og Syse 2017). I pbrl. § 2-6 står det kun kort kva som er retten til ein pasient ved refusjon for reiser, og for å finne dei spesifiserte rettane må vi sjå i den tilhøyrande pasientreiseforskrifta.

#### Forskrift

Forskrifter som ligg innanfor fullmakta sine rammer er like bindande som lova. Forskrifter utgjer ein praktisk viktig del av det velferdsrettslege regelverket (Kjelland, Kjønstad og Syse 2017). I dette tilfellet er reglane for reiserefusjon fastsett i pasientreiseforskrifta, og tidlegare var dei fastsett i sjuketransportforskrifta. Sidan oppgåva skal vurdere forskriftene opp mot kvarandre er det forskriftene som er nytta mest som rettskjelder.

Sjuketransportforskrifta er lagt ved som Vedlegg 1 då denne ikkje lenger er tilgjengeleg på lovdata.no.

#### Forarbeid

Forarbeid til lover er det skriftlege materialet som har blitt til under arbeidet med lovforslaget. Desse dokumenta inneheld ofte rettleiing om korleis loven skal forståast, og i norsk rettstradisjon blir det difor lagt stor vekt på utsegna i lovforarbeida. Det er derimot noko uklart om forarbeid til forskrifter skal tilleggjast vekt. I følgje rettspraksis har forarbeid til forskrifter sjeldan vore påberopt, men det har vore fordi dei er vanskeleg å få tak i. I følgje Kjelland, Kjønstad og Syse (2017) bør likevel forarbeid til forskriftene ha likt



utgangspunkt som lovforarbeid. Døme på slike dokument er høringskast eller statsrådsforedrag. I denne oppgåva har vi lagt vekt på høringsnotat om forenkling av regelverket for dekning av pasienters reiseutgifter (pasienttransport) (Helse- og omsorgsdepartementet 2014). Dette høringsnotatet inneheld mykje informasjon om gjeldande praksis av den gamle sjuketransportforskrifta, samstundes som der står kva som er meint med dei ulike lovendingane. Det er kun nytta dette høringsnotatet i oppgåva, så vidare vil det visast til som høringsnotatet.

## **2.2 Avgrensingar**

I pasientreiseforskrifta § 20 er det gitt regler for kvar ein tenkjer reisa startar og sluttar. I sjuketransportforskrifta hadde ikkje dette sin eigen paragraf, men vart omtalt i merknadane til § 4. I høringsnotatet punkt 8.1.3 kjem det fram at forskriftfestinga av desse reglane mellom anna foreinar omsynet til forenkling og vidareføring av gjeldande praksis. Fordi reglane ikkje var lovfesta i sjuketransportforskrifta ville det ha vore behov for ei skjønsmessig vurdering i kvart tilfelle, og difor vil ei forskriftsfesting av felles rettar uansett føre til større rettssikkerheit for pasientane. Oppgåva vil ikkje gå nærmare inn på pasientreiseforskrifta § 20.

I høringsnotatet punkt 8.3.1 kjem det fram at det som følgje av samhandlingsreforma vert bygd opp nye tilbod til pasientane i kommunal regi. I pasientreiseforskrifta § 3 første ledd bokstav c og d er det difor lovfesta at ein pasient har rett til dekning av reise til kommunalt tilbod om døgnopphald for helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar med behov for akutt hjelp, samt kommunalt tilbod om dialyse. Dette var ikkje lovfesta i sjuketransportforskrifta, då desse tilboda ikkje fantes på tidspunktet då sjuketransportforskrifta blei laga. Oppgåva vil ikkje gå nærare inn på desse bestemmingane.

Resten av paragrafane i pasientreiseforskrifta som ikkje er kommentert i oppgåva er enten direkte vidareføring av bestemmingane i sjuketransportforskrifta, eller vidareføring av praktiseringa av dei ulike bestemmingane iht. sjuketransportforskrifta og høringsnotatet. Retten til pasienten er i dei tilfella ikkje endra med den nye forskrifta, og bestemmingane er heller ikkje med på å endre rettssikkerheita til pasienten.

### 3. Dekning av reiseutgifter

Reglane for dekning av reiseutgifter i sjuketransportforskrifta finn vi i § 5. Bestemminga i si heilheit er som følgjer:

#### *§ 5. Dekning av reiseutgifter*

*Pasienten har rett til utgiftsdekning tilsvarende taksten for billigste transport med rutegående transportmiddel.*

*Pasienten har rett til å få dekket annen transport enn med billigste rutegående transportmiddel*

- . a) ved behov for øyeblikkelig hjelp*
- . b) når pasientens helsetilstand gjør det nødvendig*
- . c) når kommunikasjonsmessige forhold gjør det nødvendig eller*
- . d) dersom de samlede utgiftene ved bruk av annen transport ikke er høyere enn de samlede utgiftene ved bruk av rutegående transportmiddel.*

*Retten til å få dekket annen transport på grunn av pasientens helsemessige tilstand etter annet ledd bokstav a og b gjelder selv om avstanden til behandlingsstedet er mindre enn 3 km. Behov for annen transport av helsemessige grunner må attesteres av det aktuelle helsepersonell, med unntak av ved øyeblikkelig hjelp.*

*Behov for annen transport av kommunikasjonsmessige grunner etter annet ledd bokstav c må attesteres av kjørekontor eller annen som har fått myndighet til det.*

*Benytter pasienten bil som annen transport, har pasienten rett til dekning av reiseutgifter med kr 2,50 pr. kilometer. Når et slikt transportmiddel tas sammen med andre pasienter eller nødvendig ledsager gis et tillegg på kr 0,45 per km for hver passasjer.*

*Pasienten har også rett til å få dekket andre nødvendige utgifter som påløper i forbindelse med transport til og fra behandlingen, herunder utgifter til bomvei, parkering, piggdekkavgift og forsendelse av reisegods. Retten til å få dekket nødvendige utgifter til*

*forsendelse av reisegods gjelder også ved transport etter første ledd.*

I pasientreiseforskrifta har bestemmingane blitt meir presiserte og dei har fått fleire paragrafar. Det er tre paragrafar som inneheld informasjon om kva som blir dekt av reiseutgifter, og bestemmingane er som følger:

### **§ 21. Beregningen av reiseutgiftene**

*Reiser pasienten kortere enn 300 kilometer hver vei, dekkes reiseutgiftene med kr 2,30 per kilometer.*

*Kan pasienten dokumentere at det ble benyttet passasjerbåt eller hurtigrute på strekningen, dekkes kostnaden til båt istedenfor sats per kilometer etter første ledd.*

*Hvis pasienten kan dokumentere at det var nødvendig å benytte privat båt, snøscooter eller ATV, dekkes reiseutgiftene etter satsene i Statens reiseregulativ.*

*Reiser pasienten lenger enn 300 kilometer hver vei, dekkes reiseutgiftene med taksten for den billigste reisemåten med rutegående transportmiddel. Dersom pasienten oppfyller vilkårene for å få dekket nødvendige dokumenterte utgifter etter § 22, dekkes reiseutgiftene likevel med standardsats per kilometer etter første ledd. Ved beregningen av om reisestrekningen er lenger enn 300 kilometer, omfattes ikke deler av reisen som er bestilt eller rekvirert av helseforetaket.*

*Når pasienten ledsages på reisen etter § 17, har enten ledsageren eller pasienten rett til å få dekket reiseutgifter. Både pasienten og ledsageren har likevel rett til dekning med standardsats etter første ledd eller faktiske kostnader etter andre og fjerde ledd hvis det dokumenteres at rutegående transport er benyttet på strekningen.*

### **§ 22. Dekning av faktiske utgifter til drosje og bil mv.**

*Pasienten har rett til å få dekket nødvendige dokumenterte utgifter til drosje eller dokumenterte utgifter til bilferge, bomvei, parkering og piggdekkavgift ved bruk av bil hvis*

- a) reisen gjelder øyeblikkelig hjelp,*

- . b) personell som nevnt i tredje ledd attesterer at pasientens helsetilstand gjør det nødvendig å bruke drosje eller bil, eller
- . c) pasientreisekontor eller en annen som har fått myndighet til det, attesterer at manglende rutegående transport gjør det nødvendig å bruke drosje eller bil.

*Hvis helseforetaket har opplyst om at helseforetaket skal bestille drosje i et tidligere enkeltvedtak om retten til å få dekket reiseutgifter, men pasienten likevel selv legger ut for drosje, har pasienten bare rett til å få dekket utgifter etter første ledd når reisen gjelder øyeblikkelig hjelp.*

*Pasientens behandler, oversykepleier, avdelingssykepleier og faglig ansvarlig på røntgenavdelingen eller laboratorium i sykehus kan attestere et behov for drosje eller bil etter første ledd bokstav b. Ansatte i helse- og omsorgstjenesten kan attestere et slikt behov ved reise til en institusjon som yter tverrfaglig spesialisert behandling for rusmiddelmissbruk.*

*Bruk av ambulansebåt til pasientreiser skal være rekvirert av lege og dekkes bare når billigere forsvarlig transport ikke kan skaffes. Dette gjelder ikke når pasientens situasjon krever øyeblikkelig hjelp.*

### **§ 23. Dekning av utgifter til flyreiser**

*Flyreiser skal bestilles av helseforetaket. Hvis pasienten likevel selv legger ut for transport med fly, har pasienten rett til følgende dekning:*

- a) ved reiser som er kortere enn 300 kilometer hver vei, dekkes reiseutgiftene med et beløp per kilometer fastsatt av departementet.*
- b) ved reiser som er lenger enn 300 kilometer hver vei, dekkes reiseutgiftene med taksten for den billigste reisemåten med rutegående transportmiddel.*

Vi skal no sjå kva desse endringane faktisk betyr for pasienten, og om endringane er med på å gjere rettssikkerheita for pasientar betre. Reisestrekningane som blir nemnt vidare i oppgåva er funne på karttenesta til [www.gulesider.no](http://www.gulesider.no).

## **3.1 Reiser under 300 kilometer**

### **3.1.1 Rutegående transportmiddel (buss) og standardsats**

Hovudregelen i sjuketransportforskrifta er at ein pasient får dekt takst for billegaste rutegående transportmiddel, jf. sjuketransportforskrifta § 5 første ledd. Etter pasientreiseforskrifta § 21 første ledd er dette tatt vekk, og pasienten får no dekt reiseutgifter med 2,3 kr per kilometer. For å sjå kva dette faktisk betyr kan vi nytte strekning Kirklandet i Kristiansund til Molde sjukehus som døme. I følge FRAM er det 12 soner med buss på denne strekninga, medan sjøve strekninga er på ca. 72 kilometer kvar veg. Etter sjuketransportforskrifta har ein pasient rett på dekning av billegaste rutegående, med buss i 2017 for ein vaksen person er dette 146 kr kvar veg (FRAM). Etter pasientreiseforskrifta § 21 første ledd har pasienten rett på standardsats;  $2,3 \text{ kr} * 72 \text{ km} = 165,6 \text{ kr}$  kvar veg. Vi kan også nytte strekning Ulsteinvik til Volda sjukehus som døme. På denne strekninga er det 6 soner, og bussbillett for ein vaksen i 2017 er på 79 kr ein veg (FRAM). Strekninga er ca. 34 kilometer, og ein pasient ville dermed fått refundert 78,2 kr kvar veg, jf. pasientreiseforskrifta § 21 første ledd. Eit tredje døme er strekning Vestnes – Ålesund sjukehus. Her er det 10 soner med buss, og ein vaksen ville fått refundert 130 kr ein veg ut ifrå sjuketransportforskrifta (FRAM). Sjøve strekninga er ca. 57 kilometer, så med pasientreiseforskrifta ville ein pasient få refundert 131,1 kr i standardsats, jf. pasientreiseforskrifta § 21 første ledd.

Ut ifrå desse døma kan vi sjå at summen for standardsatsen i pasientreiseforskrifta er tilnærma lik prisen for bussbillett ein vaksen ville hatt rett på etter sjuketransportforskrifta på same strekning. Det vil vere små variasjonar ut frå lengde og bussoner på strekninga, men alt i alt er det ikkje så veldig store avvik for faktisk kostnad med buss og refusjon med standardsats for ein vaksen person. I desse tilfelle kan vi difor sjå at rettssikkerheita til pasientane er godt ivaretatt i pasientreiseforskrifta.

### **3.1.2 Rutegående transportmiddel (buss og ferje eller buss og passasjerbåt) og standardsats**

I avsnittet over har vi såg at det ikkje er veldig store skilnadar med sjuketransportforskrifta og pasientreiseforskrifta i refusjonssummen for ein vaksen person som nyttar buss på reisa.

Men dersom vi nyttar [www.frammr.no](http://www.frammr.no) sin reiseplanleggar kan vi sjå at det på nokre strekningar kjem opp reiserute med både buss og passasjerbåt, til dømes strekning Fosnavåg – Ålesund sjukehus. Frå Fosnavåg til Ålesund sjukehus er det 9 soner med buss som blir 119 kr, og det kostar 115 kr for passasjerbåt (FRAM). Totalt blir kostnaden for reise dermed 234 kr. Sidan dette er billegaste rutegåande transport på strekninga har pasienten etter sjuketransportforskrifta krav på å få dekt faktisk kostnad.

Etter pasientreiseforskrifta har ein pasient som kan dokumentere at det blei nytta passasjerbåt eller hurtigrute på strekninga krav på å få dekkja kostnaden til båt i staden for standardsats, jf. pasientreiseforskrifta § 21 andre ledd. Frå Fosnavåg til Ålesund sjukehus vil ein pasient som reiser med buss og passasjerbåt difor ha krav på å få dekt standardsats frå Fosnavåg til Hareid hurtigbåtkai/ferjekai, pris for passasjerbåt frå Hareid til Ålesund hurtigbåtkai, og standardsats frå Ålesund hurtigbåtkai til Ålesund sjukehus. Det er ca. 37 kilometer frå Fosnavåg til Hareid ferjekai og ca. 9 kilometer frå Ålesund hurtigbåtkai til Ålesund sjukehus. Ein pasient vil difor ha krav på dekning av 105,8 kr i standardsats og 115 kr for passasjerbåt, totalt 220,8 kr, jf. pasientreiseforskrifta § 21 første og andre ledd

Det kan vere litt uklart om ein pasient etter ordlyden i pasientreiseforskrifta har krav på å få dekt faktisk utgift til ferje dersom han ikkje har med bil på ferja. I pasientreiseforskrifta § 21 andre ledd står orda ”passasjerbåt” og ”hurtigrute”, medan ”bilferje” er nemnt i § 22. Ut i frå sjølve ordlyden i forskrifta er det difor naturleg å forstå det som om det er skilnad på ferje og andre passasjerbåtar. Men i høringsnotatet uttalte departementet følgjande:

#### *4.6.3 Utvidet dekning ved bruk av rutegående båt*

*Enkelte pasienter har uforholdsmessig store kostnader til rutegående transport med båt eller buss som benytter båt på strekningen. På enkelte strekninger vil båt være billigste rutegående transport, som for eksempel i Nord-Norge og på Vestlandet. I slike tilfeller vil rutegående transport kunne koste vesentlig mer enn det pasienten får i samlet godtgjørelse med standardsats. Departementet foreslår derfor at pasienter som benytter rutegående båt på strekningen skal få anledning til å kreve dekket kostnaden til billigste rutegående transport i stedet for en standard kilometersats (Helse- og omsorgsdepartementet 2014).*

Ut i frå vurderingane gjort i høringsnotatet og at det spesifikt er nemnt "buss som nyttar båt på strekninga" må vi difor kunne anta at ein pasient også har rett på å få dekt faktisk

utgift til ferje, så lenge det er lagt ved kvittering og det ikkje samstundes er nytta bil. Ferja blir i dei tilfella nytta som ein passasjerbåt. Reiseutgifter der det er nytta buss og ferje utan bil dekkast difor etter reglane i pasientreiseforskrifta § 21 første og andre ledd, på same måte som om ein hadde nytta buss og passasjerbåt.

### **3.1.3 Meir om passasjerbåt, hurtigrute og standardsats**

Som det kjem fram i høringsnotatet er det nokre pasientar som har uforholdsmessig store kostnadar til rutegåande transport der ein må nytte passasjerbåt på strekninga. I høringsnotatet står det også at passasjerbåt på nokre strekningar vil vere den billegaste rutegåande transport, og at det vil kunne koste meir enn kva pasienten ville ha fått i standardsats.

I sjuketransportforskrifta § 5 første ledd kjem det klart fram at ein pasient har rett på å få dekt utgifter tilsvarande taksten for billegaste rutegåande transportmiddel. Det står ingenting om at pasienten må leggje ved kvittering for reiseutgifter, det vil uansett bli dekt billegaste rutegåande på strekninga. Etter sjuketransportforskrifta vil ein pasient difor få dekt utgift til passasjerbåt når dette er billegaste rutegåande, sjølv om kvittering ikkje ligg ved.

I teksten til pasientreiseforskrifta § 21 andre ledd kjem det klart fram at ein pasient kan få dekt kostnad for bruk av båt i staden for standardsats dersom pasienten kan dokumentere at det blei nytta passasjerbåt eller hurtigrute. Her er det difor eit vilkår at pasienten kan dokumentere at båt faktisk vert nytta for at kostnad for båt skal bli dekt. Dersom slik dokumentasjon ikkje føreligg, dekkast reiseutgiftene med 2,3 kr per kilometer, jf. pasientreiseforskrifta § 21 første ledd. Bestemminga skal sikre at dei som har dyre utgifter til passasjerbåt får desse dekt, og i dei fleste tilfelle vil dei nok få meir dekt ved å leggje ved billetten sin. Men det står ingen plass i pasientreiseforskrifta at ein kan krevje at pasienten legg ved kvittering på reiseutgifter for at han skal få refusjon av ei gjennomført reise. Ein standardsats vil bli gitt uansett om der ligg ved kvittering eller ikkje.

Dersom ein pasient nyttar passasjerbåt kan det difor etter pasientreiseforskrifta vere tilfelle der pasienten får refundert mykje meir enn faktiske utgifter. Døme på dette kan vere strekning Fillan i Hitra kommune til Brekstad i Ørland kommune. I Brekstad held mellom anna ei avdeling under Nidaros DPS til, og ein pasient i Helse-Midt Noreg har rett på å få

dekt reiseutgifter dit, jf. pasientreiseforskrifta § 1. Om vi tek utgangspunkt i den nemnte strekninga er det kjappaste og billegaste transportmiddelet passasjerbåt. Prisen for ein enkeltbillett for ein vaksen på passasjerbåt frå Fillan til Brekstad er 191 kr ein veg (Atb.no). Etter sjuketransportforskrifta vil pasienten få dekt kostnad for passasjerbåt dersom dette var det billegaste rutegåande transportmiddelet, uavhengig av om det ligg ved dokumentasjon. Pasientreiseforskrifta seier derimot at om ikkje pasienten legg ved dokumentasjon for utgifter vil reiseutgiftene bli dekt med standardsats per kilometer, jf. pasientreiseforskrifta § 21 første ledd. Det er ca. 147 kilometer frå Fillan til Brekstad på kortaste reiseveg, og pasienten vil difor få dekt reiseutgifter med 338,1 kr kvar veg dersom kvittering ikkje ligg ved kravet. I slike tilfelle påfører difor endringa av regelverket utgifter til helseføretaka som eigentleg ikkje er reelle utgifter ein pasient har hatt.

Andre døme der denne bestemminga er svært gunstig for somme pasientar er der det er nytta hurtigrute på strekning Molde – Trondheim eller Ålesund - Trondheim. Frå Ålesund sentrum til St. Olavs Hospital i Trondheim er det ca. 297 kilometer ein veg, og frå Molde til St. Olavs Hospital er det ca. 218 kilometer ein veg. Etter sjuketransportforskrifta ville desse reisene blitt dekt med billegaste rutegåande transportmiddel, og i dei fleste tilfelle er dette buss. Om det hadde blitt nytta hurtigrute og dette ikkje var det billegaste rutegåande transportmiddelet som kunne ha vore nytta, ville reiseutgiftene difor blitt avkorta til tilsvarande taksten for billegaste rutegåande. Etter pasientreiseforskrifta § 21 har pasientar som reiser denne strekninga krav på å få dekt prisen for hurtigrute etter § 21 andre og fjerde ledd så lenge reisestrekninga er på mindre enn 300 kilometer, noko som er tilfelle i desse døma. Bestemmingane i pasientreiseforskrifta opnar dermed for at så lenge ein pasient reiser under 300 kilometer kvar veg, kan pasienten velje å reise med passasjerbåt eller hurtigrute og få kostnaden dekt, sjølv om dette ikkje var billegaste og einaste mulige transportmiddel å nytte på strekninga.

§ 21 andre ledd i pasientreiseforskrifta er utan tvil tatt med for å ivareta rettssikkerheita til pasientar som må nytte passasjerbåt. I dei tilfella der dette er billegaste eller einaste rutegåande transportmiddel, og utgjør ein større kostnad enn kva pasienten ville fått refundert med standardsats, sikrar det pasienten dekning av naudsynte utgifter på reise til behandling. Men som vi har sett ovanfor vil endringa frå sjuketransportforskrifta til pasientreiseforskrifta der orda "billegaste rutegåande" er tatt vekk kunne påføre helseføretaka større kostnadar enn naudsynt, og gi ein pasient rett på eit refusjonsbeløp



som i stor grad overstig faktisk eller naudsynte utgifter (gjeld under 300 kilometer). Likevel er ikkje dette noko som går negativt ut over pasienten; pasienten har fått rett på å få dekt utgifter til passasjerbåt uavhengig av om det var ei naudsynt utgift, det er no helseføretaka som må ta kostnaden for desse transportmidla. På dette punktet er difor rettssikkerheita til pasientane godt ivaretatt. Pasientane har no større valmoglegheit når det gjeld å nytte passasjerbåtar på under 300 kilometer.

## **3.2 Skilnad på 300 kilometer**

### **3.2.1 Standardsats (under 300 km) og billegaste rutegående (over 300 km)**

I sjuketransportforskrifta er det ikkje skilnad på om reisa er under eller over 300 kilometer, billegaste rutegående transportmiddel blir dekt så lenge det ikkje er naudsynt med eigen bil på trafikalt eller medisinsk grunnlag. I pasientreiseforskrifta dekkast reiseutgifter som hovudregel med ein standardsats, men når reisestrekninga er over 300 kilometer dekkast reiseutgiftene med taksten for billegaste rutegående transportmiddel, jf.

pasientreiseforskrifta § 21 fjerde ledd. Hovudsakeleg har difor ikkje retten til ein pasient endra seg på reiser over 300 kilometer. Men når ein har eit så tydeleg skilje på 300 kilometer kan det i nokre tilfelle gi ulik rett for pasientar som bur i nærleiken til kvarandre.

Som vi såg tidlegare i oppgåva var det ca. 297 kilometer frå Ålesund sentrum til St. Olavs Hospital i Trondheim. Dei som bur i Ålesund sentrum eller nærare Trondheim, og som skal til Trondheim på behandling, har difor rett på å få dekt reiseutgiftene sine med ein standardsats, med faktisk kostnad for passasjerbåt eller hurtigrute, eller med standardsats pluss tilleggsutgifter om det er naudsynt med bil på trafikalt eller medisinsk grunnlag, jf. pasientreiseforskrifta § 21 første og andre ledd og § 22 første ledd. Dei som bur i Ålesund kommune og som reiser frå til dømes Skarbøvik på øya Hessa, har derimot ei reisestrekning på over 300 kilometer. Retten til desse pasientane er anten billegaste rutegående transportmiddel eller standardsats pluss tilleggsutgifter om det er naudsynt med bil på trafikalt eller medisinsk grunnlag, jf. pasientreiseforskrifta § 21 fjerde ledd. Dei har kun rett på dekning av passasjerbåt eller hurtigrute dersom dette er billegaste rutegående transportmiddel. Første buss frå Ålesund til Trondheim er framme klokka 14:30 (FRAM). Dersom pasienten har time før dette må han nytte fly eller eigen bil for å kunne nå timen

med å reise same dag, og nyttar pasienten eigen bil på trafikalt grunnlag vil det ikkje vere forskjell på om strekninga er over eller under 300 kilometer.

### 3.2.2 Spesielt om fly

Dersom pasienten må nytte fly på trafikalt grunnlag er det midlertidig avgjerande kvar lang reisestrekninga er for at dei skal få dekt dette etter pasientreiseforskrifta. Reglane for dekning av flyreiser er at ein pasient får dekt standardsats på strekning under 300 kilometer, og billegaste rutegåande transportmiddel på reiser over 300 kilometer, jf. pasientreiseforskrifta § 23. Om pasienten ikkje når timen med noko anna rutegåande transportmiddel enn fly, og må reise over 300 kilometer, har pasienten difor krav på å få dekt utgiftene etter § 23 første ledd bokstav b. Om vi nyttar dømet over vil det seie at pasientane som bur på Hessa i Ålesund kommune og som reiser til St. Olavs Hospital har rett på å få dekt flybilletten sin. Dei som bur i Ålesund sentrum og reiser til same stad har kun krav på å få dekt ein standardsats på strekninga. Om strekninga er 299 kilometer har ein pasient som nyttar fly krav på å få dekt 687,7 kr i standardsats kvar reiseveg i 2017. Pris for flybillettar kan variere mykje, og det vil difor vere store variasjonar i kva stor grad pasienten får dekt dei naudsynte utgiftene sine kvar gong han reiser.

I sjuketransportforskrifta § 5 andre ledd er ordlyden klar på at pasienten har rett på å få dekt anna transport enn billegasta rutegåande transportmiddel om pasienten si helsetilstand gjer det naudsynt. Ein pasient har difor krav på dekning av fly dersom helsepersonell dokumenterer behovet, jf. sjuketransportforskrifta § 5 tredje ledd. I pasientreiseforskrifta § 22 kjem det fram at ein pasient har rett på å få dekt naudsynte dokumenterte utgifter til drosje eller dokumenterte utgifter til bilferje, bomveg, parkering og piggdekkavgift ved bruk av bil dersom helsepersonell dokumenterer at pasienten sin helsetilstand gjer det naudsynt å nytte drosje eller bil, jf. pasientreiseforskrifta § 22 første ledd bokstav b. Det kjem ikkje fram nokon plass i pasientreiseforskrifta § 22 at behandlar kan dokumentere at pasienten treng fly på medisinsk grunnlag, det er kun presisert drosje eller tilleggsutgifter ved bruk av bil. Dette kjem heller ikkje fram i § 23 om dekning av utgifter til flyreiser. Det står ingenting i høringsnotatet om kvifor det ikkje er tatt med ordet fly i den nye forskrifta. På grunn av ordlyden må ein difor tolke det som om pasienten ikkje vil få dekt utgifter til flyreiser på reisestrekning under 300 kilometer, sjølv om det er dokumentert av behandlar av medisinske årsaker.

Ut ifrå dette ser vi at ein skilnad på 300 kilometer vil i nokre tilfelle gjere at pasientar som bur i nærleiken av kvarandre og reiser tilnærma same strekning får utløyst ein ulik rett, alt etter som kvar langt det er frå bustad til behandlingsstad. På reiser over 300 kilometer er det mest sannsynleg at ein pasient må nytte eigen bil på trafikalt grunnlag eller fly for å nå timen med å reise same dag. Dersom det er naudsynt med bil på trafikalt grunnlag er rettssikkerheita til pasienten like godt ivaretatt i pasientreiseforskrifta som i sjuketransportforskrifta. Med fly som transportmiddel er det annleis, og ut frå ordlyden i pasientreiseforskrifta har pasienten mista retten til dekning av fly på trafikalt eller medisinsk grunnlag så lenge reisa er under 300 kilometer. Det er dermed ulik refusjonsrett for pasientar sjølv om det føreligg tilnærma like vilkår (til dømes trafikale årsaker eller reiseavstand) på ei reise, og den nye forskrifta bidreg etter ordlyden til forskjellsbehandling. I desse tilfella er rettssikkerheita til pasientar difor ikkje like godt ivaretatt i den nye pasientreiseforskrifta.

## **4. Andre betraktningar**

### **4.1 Unntak for korte reiser**

I sjuketransportforskrifta § 1 bokstav a kjem det fram at reiser der avstanden er mindre enn 3 kilometer ikkje dekkast. Ein kan likevel få dekt desse reisene dersom det gjeld akutt hjelp eller pasienten sin helsetilstand gjer det naudsynt jf. sjuketransportforskrifta § 5 andre og tredje ledd. I den nye pasientreiseforskrifta har kilometergrensa blitt heva, og ein har no ikkje rett på dekning av reiseutgifter der avstanden er mindre enn 10 km, jf. pasientreiseforskrifta § 8 første ledd. Etter pasientreiseforskrifta § 8 andre ledd har ei også her rett på refusjon av reise der avstanden er under 10 kilometer dersom det gjeld akutt hjelp eller pasienten si helsetilstand gjer det naudsynt å bruke eigen bil eller drosje. I høringsnotatet punkt 1.2.3 kjem det fram at om kilometergrensa blei heva til 10 kilometer, ville det gi reduserte refusjonsutbetalingar på ca. 8 millionar kroner per år. I tillegg vil i overkant av 30 000 pasientar miste rett til refusjon. Dersom dei 8 millionar kronene skulle delast på 30 000 personar, tilsvarar det årleg 266,66 kr på kvar pasient. Det er ikkje særleg store summar per person, og vi må kunne anta at det ikkje vil ha alt for store konsekvensar for enkeltpersoner. Men vi kan også sjå på det frå ei anna side. Dersom ein pasient går til

behandling, til dømes fysioterapi, ein gong i veka heile året, og reisestrekninga var 9 kilometer, blir reknestykket slik:  $2,3 \text{ kr} * 9 \text{ kilometer} = 20,7 \text{ kr per vei}$ .  $20,7 \text{ kr} * 2 * 52 \text{ veker} = \underline{2152,8 \text{ kr}}$ .

Sjølv om dette er eit mykje større årlig beløp enn 266,66 kr, utgjer det kun 179,4 kr per månad. Vi må også her kunne anta at det ikkje vil ha veldig store konsekvensar for den gjennomsnittlege pasient. Det vil sjølvsagt i realiteten variere kvar mykje den enkelte tapar på regelendringa. Nokre pasientar reiser til behandling fleire gongar i veka, medan andre reiser nokre få gongar i året, og då vil den som reiser særleg ofte til behandling få større summar i tap. Men pasientane som mista retten til refusjon på reiser då kilometergrensa blei heva er likevel ivaretatt av pasientreiseforskrifta § 8 andre ledd. Der det er eit reelt medisinsk behov for transport med anten drosje eller bil, vil pasienten ha rett på refusjon av reiseutgifter dersom behovet blir dokumentert av helsepersonell, jf. pasientreiseforskrifta § 8 andre ledd.

Dersom det føreligg eit reelt medisinsk behov for bruk av eigen bil eller drosje har pasienten fortsatt moglegheit til å få refundert reiser under 10 kilometer. Ut i frå tala presentert i høringsnotatet punkt 1.2.3 vil pasientar gjennomsnittleg ikkje miste eit stort beløp årleg. Når det gjeld dette punktet er rettssikkerheita til pasientar difor ikkje noko særleg forandra.

## **4.2 Følgje**

(Her er det nytta takst for 2016 sidan tillegg for følgje i bil er tatt vekk i 2017. Dette for korrekt samanlikning).

Følgje sin rett til dekning av reiseutgifter dekkast etter same reglar som for pasienten i begge forskriftene, jf. sjuketransportforskrifta § 9, jf. pasientreiseforskrifta § 17 tredje ledd. Dersom ein pasient har behov for eigen bil og følgje på medisinsk grunnlag hadde dei i samsvar med sjuketransportforskrifta § 4 femte ledd krav på dekning av 2,50 kr per kilometer med bil pluss 0,45 kr per kilometer for følget. I pasientreiseforskrifta er det ingenting som heiter tillegg for følgje lenger. Ved bruk av eigen bil med følgje blir det dekt ein standardsats jf. pasientreiseforskrifta § 21 femte ledd. I 2016 var standardsatsen på 2,20 kr (Helsenorge.no). Refusjonssummen for ei reise på til dømes 20 kilometer med bil

og følgje har difor gått ned, frå 59 kr i sjuketransportforskrifta til 44 kr i pasientreiseforskrifta. I høringsnotatet om forenkling av regelverket for dekning av pasientar sine reiseutgifter (pasienttransport) kjem det fram at tillegget for følgje vert fjerna fordi det ikkje gir auka kostnadar av betydning å ha med ein passasjer på reise med bil. Passasjeren i bilen vil heller ikkje ha hatt faktiske utgifter til reisa.

Dersom pasient og følgje nytta eigen bil sjølv om dette ikkje var medisinsk dokumentert, ville dei etter sjuketransportforskrifta anten fått dekt prisen for rutegående, eller bruk av eigen bil dersom dette var billegare enn rutegående transport, jf. sjuketransportforskrifta § 5 første ledd og andre ledd bokstav d. Ved bruk av rutegående transport ville dei fått dekt faktisk kostnad, jf. sjuketransportforskrifta § 5 første ledd. Etter pasientreiseforskrifta § 21 femte ledd ville dei ved bruk av eigen bil, sjølv om dette ikkje var dokumentert, få dekt reiseutgifter med ein standardsats per kilometer uavhengig av pris. Det er ikkje eit krav etter forskrifta om at dette må vere billegare enn rutegående. Dersom dei nytta rutegående transport, og dei kunne dokumentere at både pasient og følgje nytta dette på strekninga, vil reiseutgiftene bli dekt med to standardsatsar på strekninga, jf. pasientreiseforskrifta § 21 femte ledd.

I høringsnotatet kjem det fram at dersom tillegg for følgje ved bruk av eigen bil blei tatt vekk, ville det gi reduserte utbetalingar på i underkant av 26 millionar kroner basert på tal frå 2013. Likevel er regelendringa gjennomført, og det er grunngjeve med at følgje som sitt på i bilen ikkje har hatt reelle utgifter på reisa. Dersom både pasient og følgje har hatt utgifter på reisa ved nytte av rutegående transportmiddel, vil dei likevel ha rett på dekning av kvar sin standardsats etter pasientreiseforskrifta § 21 femte ledd. Ut frå dette kan vi sjå at sjølv om tillegg for følgje er tatt vekk frå pasientreiseforskrifta, får pasient og følgje dekt tilnærma den nødvendige reelle kostnaden på reisa. Eg kan difor ikkje sjå at rettssikkerheita har endra seg.

### **4.3 Honnørar og liknande**

Honnørar betalar halv pris runda opp til næraste krone på buss og ferjer (FRAM). Når reiser vert dekt tilsvarande taksten for billegaste rutegående transportmiddel, jf. sjuketransportforskrifta § 5, hadde ein pasient som reiste eller kunne reist med honnørrabatt rett på dekning av prisen tilsvarande dette. Dersom ein honnør reiste til

behandling med eigen bil utan at dette var naudsynt på medisinsk eller trafikalt grunnlag, ville han fått dekt ein honnørbillett på strekninga. Ein person som ikkje reiser med honnørrabatt med rutegående transport ville på same strekning fått dekt taksten for ein vaksenbillett, altså dobbelt så mykje som personen med honnørrabatt. Ved innføring av pasientreiseforskrifta vil pasientar no få dekt ein standardsats på reisestrekninga, uavhengig av om det er nytta billegaste rutegående eller bil, jf. pasientreiseforskrifta § 21. Standardsatsen gjer ingen forskjell på om ein er honnør eller ikkje, og refusjonsbeløpet vil vere likt på reisestrekninga uavhengig av om ein reiser med honnørrabatt eller vaksenbillett. Som vi såg tidlegare i oppgåva er standardsatsen tilnærma lik prisen for ein vaksen som nyttar rutegående transport. Dei med honnørrabatt som faktisk reiser med rutegående kjem difor godt ut av regelendringa, på same måte som dei som til dømes nyttar månadskort. I praksis betyr dette at ein pasient som har mindre faktiske utgifter på ei reisestrekning enn andre, likevel vil få like mykje i refusjon. Det betyr at regelendringa fører til ulik grad av dekning av faktisk utgifter. Likevel betyr det samstundes at ein ikkje gjer forskjell på kvar gamle folk er eller kva rabattar dei kunne ha nytta på reisestrekninga. Det betyr også at pasienten si dekningsgrad ikkje avheng av kva transportmiddel det er nytta. Bil, buss, tog og liknande vil bli dekt med standardsats uansett. Sidan standardsatsen er tilnærma lik prisen for ein vaksenbillett på rutegående transport, slår ikkje regelendringa spesielt negativt ut over dei som betalar vaksenbillett. Regelendringa slår heller positivt ut over dei som kunne betalt honnørrabatt. Dette er med på å likebehandle pasientar og på dette punktet er rettssikkerheita til pasientane betre i den pasientreiseforskrifta.

#### **4.4 Foreldre sin rett til dekning av reiseutgifter ved innlegging av barn**

I pasientreiseforskrifta § 29 kjem det fram at når forskrifta trådde i kraft blei det også gjort endring i forskrift 1. desember 2000 nr. 1217 om barns opphald i helseinstitusjon (barneforskrifta) § 10. Tidlegare hadde foreldre rett på dekning av reiseutgifter frå det regionale helseføretaket dersom dei var følgje for barnet. Normalt blei utgiftene dekt kun for eitt følgje, men dersom ein pasient var særleg pleietrengande kunne utgifter for to følgje dekkast. Vidare var det normal praksis ved pasientreisekontora å dekkje utgifter for to følgje når begge foreldra følgde eit alvorleg eller livstrugande sjukt barn til behandling. Det regionale helseføretaket dekkja ikkje reiseutgifter for foreldre som reiste åleine for å vere saman med barnet, det vesentlege var at det gjaldt kun for dei som faktisk følgde barnet på reisa. Etter forskrift om barns opphald i helseinstitusjon § 10 andre ledd hadde

foreldre som av institusjonen blei kalla inn av medisinske årsaker for å vere med barnet i samband med innlegging eller seinare, rett på å få dekt utgiftene sine etter reglane sjuketransportforskrifta § 9. Det var då behandlande institusjon som dekte utgiftene, og ikkje det regionale helseføretaket (Helse- og omsorgsdepartementet 2014). Etter den nye pasientreiseforskrifta med tilhøyrande endring i barneforskrifta har foreldre no fått ein utvida rett til dekning av reiseutgifter. Så lenge reisa som er føretatt er i forbinding med innlegging av barnet er vilkåret for dekning oppfylt, jf. barneforskrifta § 10 andre punktum. Det betyr at foreldre, fosterforeldre eller andre som opptrer i foreldra sin stad, jf. barneforskrifta § 3 andre ledd, som reiser til helseinstitusjon iht. barneforskrifta § 3 tredje ledd der barnet er innlagt, har rett på dekning av reiseutgifter uavhengig av kvar dei bur og når dei reiser, så lenge det er i forbinding med innlegging av barnet. Det er ikkje lenger eit vilkår at dei blir kalla inn av institusjonen av medisinske årsaker.

Ei anna endring i barneforskrifta i forbinding med ny pasientreiseforskrift er at krav om dekning av reiseutgifter no skal krevjast frå det regionale helseføretaket. Tidlegare skulle den som faktisk følgde barnet på reisa få dekt utgiftene av det regionale helseføretaket, medan forelder som blei innkalla av sjukehuset på eit seinare tidspunkt fekk utgiftene dekt av institusjonen. I praksis betydde det at foreldre ofte måtte krevje reiseutgifter to ulike stadar, noko som skapte usikkerheit og blei opplevd som forvirrande for foreldra, og komplisert for helsepersonellet (Helse- og omsorgsdepartementet 2014). No har dette blitt endra, og alle krav om refusjon av reiseutgifter skal sendast til Pasientreiser ANS, jf. barneforskrifta § 10 tredje ledd. Ut ifrå endringane gjort her er det klart at rettssikkerheita til foreldre for innlagt barn har blitt betre. Dei har no fått utvida rett til dekning av reise, og i tillegg har dei kun ein plass dei skal forholde seg til med krav om reiserefusjon.

## **4.5 Kost**

Reglane om dekning av kost må også nemnast fordi ordlyden i pasientreiseforskrifta har blitt endra. Ut frå ei naturleg språkforståing kan dette vere med på at refusjonssummen til pasienten blir annleis. I sjuketransportforskrifta § 6 første ledd står det at ein pasient som har rett til å få dekt utgifter ved reise også har rett til kostgodtgjersle dersom den effektive fråverstida frå heimen overstig 12 timar. Vidare har ein pasient rett på dekning av billegaste rutegåande transportmiddel, men kan få dekt anna transport dersom utgiftene ikkje er høgare enn dei samla utgiftene ved bruk av rutegåande transport, jf.

sjuketransportforskrifta § 5 første ledd og andre ledd bokstav d. Ut ifrå ordlyden i sjuketransportforskrifta § 6 første ledd har ein pasient rett på dekning av kost dersom den effektive, altså naudsynte, fråverstida frå heimen overstig 12 timar. Med ei tur-retur reise same dag kunne dekning av reiseutgifter sett slik ut:

1. Dersom pasienten reiste med rutegående transport og var vekke frå heimen i over 12 timar, ville han fått dekt rutegående transport + kostgodtgjersle.
2. Dersom pasienten val å kjøre eigen bil og var vekke i mindre enn 12 timar, men dette var dyrare enn billegaste rutegående + kost, ville reiseutgiftene blitt avkorta til billegaste rutegående + kost.
3. Dersom pasienten val å kjøre eigen bil og var vekke i mindre enn 12 timar, og bruk av eigen bil med tilleggsutgifter var billegare enn rutegående + kost, ville pasienten fått dekt eigen bil med tilleggsutgifter.

